

Ekspirement: No skal du lage eit vulkanutbrot!

Førestill deg eit fjell som spyr ut glødande lava, oske og røyk. Vulkanar er ei av dei mest spektakulære kreftene i naturen. Dei er opningar i jordskorpa der smelta stein, kalla magma, stig opp frå jordas indre og strøymar ut på overflata som lava.

Visste du at det finst vulkanar som har utbrot som varer i mange år? Og at det som er mest farleg med eit vulkanutbrot ikkje nødvendigvis er lavaen, men dei glovarme skyene av gass, lava og stein. Dei blir kalla pyroklastiske straumar?




Utstyr


- ein tallerken (innandørs treng du to, den eine litt større enn den andre)
- ei tom halvliters brusflaske
- omlag ei halv flaske 7 % eddik
- 7 ts bakepulver
- aluminiumsfolie
- teip

Tips


- Ta nokre dropar Zalo i eddiken for å få eit kraftigare vulkanutbrot.
- Hell eddik fort over bakepulveret i krateret.
- Sjå kva som skjer.




Set flaska midt på tallerkenen.




Ta aluminiumsfolie over flasken og fatet. Fest folien rundt kanten av fatet. Dersom du er inne, set du eit litt større fat under for å unngå søl.




Trykk hol til krateret i toppen av vulkanen. Du kan til dømes bruke ei saks.



Fest kraterholet med teip frå innsida av glasa til utsida av vulkanen.



Hell 7 ts bakepulver i flaskekrateret.



Viss du bruker raud konditorfarge, kan du helle fargen oppi flasken med eddik og blande dette.